

Gjev ditt bidrag – eller bli fast givar

Vi kan ikkje hjelpa alle, men for oss tel kvar einskild. For 60 kr i veka (3120 pr. år) gir du eit barn skuleuniform, skulemateriell, skuleprosjekt, dagleg lunsj og transport til og frå skulen i eit år.

Send ditt bidrag til:

ICARE2, Heiavegen 28,
5454 Sæbøvik.
Org. no. 992 934 980,
Bank: 1254.05.46698.

Bli fast givar!

Legg inn trekk på eit fast beløp kvar månad frå kontoen din. Det gir stabilitet og føreseielegheit noko som er viktig for oss og barna. Alle bidrag tel, også små beløp!



Kvalitetssikrer
Innsamlinger

icare2

Heiavegen 28
5454 Sæbøvik

Org. no. 992 934 980
w: www.ICARE2.no
konto nr. 1254.05.46698.



INITIATIVE FOR CHILDREN'S RIGHT TO EDUCATION



Barn som har fått utdelt skulemateriell

Føremål

Føremålet til stiftinga Initiative for Children's Right to Education (ICARE2) er å gi vanskeligstilte barn i Filippinane moglegheit til utdanning. Stiftinga arbeidar for å skaffa midlar slik at barna får dekkede dei mest grunnleggjande behova og kan gå på skule.

Alle barn har rett til utdanning!

For mange barn i Filippinane er kvardagen ein kamp for å overleva. Du kan sjå dei over alt. Små barn i fillete klede som søv på fortauet, tiggjar eller sel flaskevatn midt i storbytrafikken. Dei skulle i staden ha vore på skulen.

Lokal forankring

Ein viktig føresetnad for å yte hjelp er solid lokal forankring. Prosjektet vert utført av lokale kontaktar som har grundig kjennskap til språk, kultur, skule og skulekrets. Barna og familiane deira vert følgd opp individuelt. Det er ingen stønad i form av kontantar, berre skulemateriell skuleuniform, mat og transport. Dei lokale arbeidar òg friviljug.



ICARE2 har lokalkontor i Cebu City og er registrert hos Security and Exchange Commission (SEC) i Filippinane. Vår lokale partner er stiftinga Rise Above (www.riseabove.dk) som driv ulike hjelpeprosjekt i Cebu City.

Maria Tangalin er vår kontakt i Rise Above

Ditt bidrag når fram

Det er viktig for oss at midlane skal nå fram til barna. Derfor arbeidar vi på friviljug basis, utan løn eller andre ytingar. Sjekk ICARE2 på: www.innsamlingskontrollen.no



Alle barn har rett til utdanning (FNs Barnekonvensjon)



VAKN OPP - SEI ICARE2

Kvifor er utdanning så viktig?

- Alle barn har rett til utdanning.
- Kunnskap er ein veg ut av fattigdom
- Kunnskap gir makt og skapar håp for framtida
- Du hjelper barn til å nå sitt fulle potensial
- Du bidreg til ei positiv utvikling i heimlandet
- Kunnskap er einaste veg ut av avmakt og håpløyse
- Hjelp til utdanning er hjelp på kort og lang sikt